

Irene og Thomas Lunde

Mangersnesvegen 244

5936 Manger

13.10.23

Alver Kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Post@alverkommune.no

Merknader til offentlig ettersyn og høring

Detaljereguleringsplan for Mangersnes

Plan 12602011000400

I høve den komande høringa til detaljereguleringsplanen for Mangersnes ønsker me å koma med merknadar angående:

- 1. Kommuneveg vs fylkesveg mellom Mangersnes og Manger sentrum**
- 2. Trafikkanalyse**
- 3. Fylkesvegen**
- 4. Rekkefølgekrav**

Viser til Radøy kommune sin kommuneplan 2011-2023 pkt 2.4

Nye bustadområde med 15 bueningar eller fleir skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og kollektivstopp i samsvar med regional areal- og transportplan for Hordaland før det vert gjeve løyve til tiltak.

1. Kommuneveg vs fylkesveg mellom Mangersnes og Manger sentrum

Heilt frå tida då arbeidet med reguleringsplanen for Mangersnes starta, har det vore eit tydeleg krav til tiltakshavar frå Radøy kommunen om trygg veg for mjuke trafikantar mellom det nye bustadsfeltet på Mangersnes og Manger sentrum. Viser til sitat frå Radøy Kommune sitt saksframlegg, dokumentnummer 18/127:

"Allereie i Kommunedelplan for Manger frå 2007 er det gjeve eit viktig signal i høve trafiktryggleik. Det er i kommunedelplanen vist trase for fortau langs kommunevegen ut til Mangersneset. Det kan difor ikkje vera tvil om at det er intensjon i overordna plan at trygg løysing for mjuke trafikantar mellom Mangersnes og Manger sentrum skal på plass" (010/2018).

Viser vidare til vår eigen merknad til kommuneplanen i Radøy kommune, sendt til Silje Haukedal 18.01.19, angåande pkt 2.6: Utbyggingsrekkefølge i Mangersnes (sjå vedlegg). Merknaden vart sendt for å belyse at strekninga frå Manger sentrum til Mangersnes ikkje er ein kommunal veg. Kommunevegen går frå krysset ved Solvang til Mangersnes. Vegen frå Manger sentrum og ned til Manger kai er fylkesveg.

Dette var ny informasjon for administrasjonen. I etterkant av dette har Radøy kommune endra ordlyden i kommundeplanen:

2.6 Utbyggingsrekkefølge i Mangersnes (pbl. § 11-9 nr 4)

Frå:

*"Kommunal veg frå **Manger sentrum til Mangersnes** skal inngå i reguleringsplan for det nye bustadområde på Mangersnes.*

Til:

*"Kommunal veg frå **Mangersnes til Fylkesveg ved Manger kai** skal inngå i reguleringsplan for det nye bustadområde på Mangersnes.*

Vidare står det i planen (både den nye og den gamle versjonen):

"Før det vert gjeve løyve til tiltak i det nye bustadområdet på Mangersnes skal hovudvegen vere utbetra. Utbetringa skal omfatte løysing for mjuke trafikantar og trygg skuleveg. Løysing og omfang av utbetringa skal vurderast av kommunen basert på trafikkanalyse både for permanent trafikk og anleggstrafikk".

Me stiller oss undrande til at ordlyden har endra seg undervegs i planforløpet. I nyare dialog med kommunen har me oppfatta det slik at kommunen ikkje ynskjer/kan pålegga tiltakshavar å utbetra fylksesvegen, og at administrasjonen no er klar over at utfallet av saka kan bli at administrasjonen saman med dei folkevalgt godkjenner ein reguleringsplan utan at det ligg føringar for ei trygg løysing heile vegen fram til skulen. Rekkefølgekravet er også redusert, og tiltakshavar har fremma forslag om å unngå sikring av mjuke trafikantar undervegs i byggeprosessen.

Det er svært viktig at både administrasjonen og dei folkevalgte er klar over at planen om utbetring av veg kun omhandlar den minst farlege delen av vegen til Manger sentrum. Dersom ein godkjenner planen slik den ligg føre i dag, går ein mot Rådmannens klare anbefalinger frå 2018.

2. Trafikkanalyse

Viser til Sivilingeniør Helge Hopen AS si trafikkanalyse.

Ifølge analysen er dagens trafikkmengde på Mangersnes målt til 150 ÅDT, med ei forventa dobling i trafikken når bustadsfeltet er utbygd.

Minner om at det i kommundelplanen også er opna for 5 nye spredte bustadar langs Mangersnesvegen, og me kan ikkje sjå at dei er rekna med i trafikkanalysen.

Ein kan truleg forvente ei mykje større auke i trafikken enn førespegla av analysen uavhengig av dei 5 bustadane som ikkje er rekna med. Eit nytt bustadfelt vil auka antall barnefamiliar på Mangersnes betydeleg frå dei eksisterande tre barnefamiliane som bur her i dag. Borna vil vera avhengig av skyss fram og tilbake til skulen, til vener og til fritidsaktivitetar i større grad enn eksisterande etablerte bustadar som ikkje har heimebuande born. Med ei auke i trafikken vil alle berørte parter bruka bilen i betydeleg større grad enn kva analysen tar høgde for.

Dei dagane det er mest hektisk i heimen vår, passerer me Manger skule med bil opp til 10 gongar per deg. Dette gjeld vår familie åleine!

Me viser på ny til trafikkanalysen og stiller spørsmål til påstanden om at fortau ikkje har dokumentert effekt på trafikktryggleiken til mjuke trafikantar.

Massebalanse

Alver kommune sine planføresegner beskriv at det skal liggja føre ein godkjent plan for alle nye bustader innafor planområdet for massehandtering før det kan gjevast igangsetjingsløyve.

Forslagsstillar viser til massebalanse og dei reknar med at det ikkje blir behov for tilkjøring eller utkjøring av massar. Me har ikkje tiltru til forslagsstillar, og fryktar anleggstrafikken vil vera større enn førespegla. Me etterlyser dokumentasjon på dette.

3. Fylkesvegen

Heile vegen frå Mangersnes til Manger sentrum er belasta slik vegen er dimensjonert i dag. Fylkesvegen går frå Manger kai til Manger sentrum. Langs vegen møter ein næringsvirksomhet, Solvang Grendahus, Manger skule, Manger Folkehøgskule og bustadhus tett i vegen. Under ønsker me å belysa nokre av utfordringane ein møter langs fylkesvegen.

Manger kai blir brukt av ulike aktørar til ilandføring av m.a. gjødsel, kraftfôr, stein og asfalt. Felleskjøpet av lager på kaien og det er kome eit nytt kommunalt reinseanlegg på kaien. Alt dette medfører periodevis stor trafikk til og frå kaien av store køyretøy som køyrer skytteltrafikk langs vegen forbi skulen.

Autovernet i svingen forbi Solvang Grendahus vart “utbetra” for nokre år sidan, og vegen forbi Solvang Grendahus er no endå meir utrygg for mjuke trafikantar enn det var før utbetringa. Svingen ved Solvang er eit kritisk punkt for møtande trafikk, den er uoversiktleg og det er ikkje mogleg for mjuke trafikantar å stige ut av vegbana etter at støttemuren vart “utbetra”.

Vegkrysset ned mot Smedbrekka frå fylkesvege er uoversiktlig og framstår som eit svært trafikkfarleg kryss.

Trafikken forbi skulen er travel, og er per d.d ei utfordring slik det er i dag. Ei minimal auke i trafikken frå Mangersnes vil truleg ha store negative konsekvensar for tryggleiken kring skulen.

3. Rekkefølgekrav

Viser til Alver kommune sine planføresegner for Mangersnes og har komande merknader:

Fortau

Me stiller spørsmål ved at både Rådmannen og PLT har endra rekkefølgekravet angående veg og fortau. Fortau vil ikkje bli ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve til heile 18 bustadar. Dette er i strid med Radøy kommune sine planføresegner som slår fast at veg og fortau skal vera ferdig opparbeida før det vert igangsetjingsløyve for tiltak.

For oss som bur på Mangersnes vil det vera kritisk at ein ikkje kan ferdast trygt til Manger sentrum i byggeperioden, ein periode som i tillegg potensielt kan strekkja seg over svært lang tid.

Skule og barnehage

Viser til rekkefølgekrav stilt til Langhøyane bustadfelt på Manger, PlanID12602017000300. Rekkefølgekravet seier at vidare utbygging av Langhøyane bustadfelt ikkje kan finna stad før tilfredstillande barnehage- og skulekapasitet er dokumentert. Me stiller oss undrande til at bustedfeltet på Mangersnes ikkje er pålagt same rekkefølgekrav. Det vil vera naturleg å ferdigstillast bustadfeltet på Langhøyane som allereie har etablert trygg skuleveg, før ein vurderer utbygging på Mangersnes.

Oppsummering

For å oppnå trygg skuleveg for borna på Mangersnes og alle born langs Mangersnesvegen må heile vegen, også fylkesvegen, til Manger sentrum bli utbetra. Trafikksikringa med trygg veg og fortau må på plass før igangsettingsløyve. Fri skuleskyss for borna vil ikkje løyse problemet kring trafikksikring på fritida dersom vegen ikkje blir utbetra heile vegen frå Mangersnes til Manger sentrum. Forventa ATP er truleg langt større enn førespegla.

Me forventar at gamle Radøy kommune sine intensjonar om trygg skuleveg vert handheva i nye Alver kommune si planlegging av bustadfeltet på Mangersnes. Me ønsker at me og borna våre framleis kan ferdast trygt til Manger sentrum dersom det kjem nytt bustadfelt på Mangersnes.

Me krev at fylkesvegen forbi Manger skule til Manger sentrum vil bli utbetra på lik linja som den kommunale vegen, og etterspør dialog mellom kommune og fylke både med tanke på trygg skuleveg og kapasiteten på Manger skule.

Viser på ny til Radøy kommune sin kommuneplan 2011-2023 pkt 2.4:

Nye bustadområde med 15 bueiningar eller fleir skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og kollektivstopp i samsvar med regional areal- og transportplan for Hordaland før det vert gjeve løyve til tiltak.

Mvh

Irene Myrtveit Lunde og Thomas Lunde, Mangersnesvegen 244.